



Arkeologisk rapport 2017

Bergmesteren Raudsand

Raudsand, Gnr.40 i Nesset kommune

Susanne Busengdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

| | |
|---|----|
| Forord | 5 |
| 1. Samandrag | 6 |
| 2. Bakgrunn og føremål med undersøkinga | 7 |
| 2.1 Tiltaket..... | 7 |
| 2.2 Tidlegare funn frå nærområdet..... | 8 |
| 3. Området | 10 |
| 4. Strategi og metode | 11 |
| 4.1 Visuell overflaterregistrering..... | 11 |
| 5. Undersøkinga | 12 |
| 5.1 Nyare tids kulturminne..... | 14 |
| 5.2 Dokumentasjon..... | 20 |
| 6. Resultat og konklusjon | 21 |
| 7. Litteraturliste | 22 |
| 8. Vedlegg | 23 |

Figurliste

| | |
|--|---|
| Figur 1: Kronologiske perioder..... | 5 |
| Figur 2: Plankart..... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| Figur 3: Kart over deponiskisse. | 8 |
| Figur 4: Biltete av Rausand gruver. | 9 |
| Figur 5: Kart over kulturminner i nærområdet..... | 10 |
| Figur 6: Oversiktsbilete av planområdet i Raudsand. | 11 |
| Figur 7: Flyfoto av planområde..... | 12 |
| Figur 8: Bilete av planområde i vest. | 13 |
| Figur 9: Undersøking av myrslette..... | 13 |
| Figur 10: Bilete av elveslette med furukledde bergknausar..... | 14 |
| Figur 11: Område med elv i midtre del. | 14 |
| Figur 12: Dagbrot norvest i planområdet | 15 |
| Figur 13: Dagbrot ved Fv666..... | 15 |
| Figur 14: Gruve nordvest for heisetårn | 16 |
| Figur 15: Gruve nordvest for heisetårn | 16 |
| Figur 16: Gruve søraust for heisetårn..... | 16 |
| Figur 17: Gruveinngang. | 17 |
| Figur 18: Gruve/tunell i nærleiken av Kristenvikvegen..... | 17 |
| Figur 19: Vogntunell ved industriområde i nordaust | 17 |
| Figur 20: Vognskiner og røyr ved heisetårn..... | 18 |
| Figur 21: Vogn og gruveutstyr i skog ved heisetårn. | 18 |
| Figur 22: Heisetårn 101 moh..... | 18 |
| Figur 23: Innsida av heisetårn | 19 |
| Figur 24: Bygg vest for heisetånet | 19 |

| | |
|---|----|
| Figur 25: Verkstad/administrasjonsbygg til Raudsand gruver ved Tingvollfjorden..... | 19 |
| Figur 26: Restar av gruvebygningar mot sjøen. | 20 |
| Figur 27: Kaianlegg ved Tingvollfjorden..... | 20 |
| Figur 28: Kart som syner gruveminne i Raudsand..... | 21 |

Forord

Eit kulturminne er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelege kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. Kulturminneloven § 4. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. Kulturminneloven §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. Plan og bygningsloven § 11-8.

| HOVEDPERIODE | UNDERPERIODAR | 14C-ÅR (før notid) | KALENDERÅR |
|------------------|----------------------|--------------------|-------------------|
| Eldre steinalder | Tidlegmesolitikum | 10020 – 8900 b.p. | 9500 – 8000 f.Kr. |
| | Mellommolitikum | 8900 – 7690 b.p. | 8000 – 6500 f.Kr. |
| | Seinmesolitikum | 7690 – 5230 b.p. | 6500 – 4000 f.Kr. |
| Yngre steinalder | Tidlegneolitikum | 5230 – 4700 b.p. | 4000 – 3300 f.Kr. |
| | Mellomneolitikum A | 4700 – 4100 b.p. | 3300 – 2600 f.Kr. |
| | Mellomneolitikum B | 4100 – 3800 b.p. | 2600 – 2300 f.Kr. |
| | Seinneolitikum | 3800 – 3500 b.p. | 2300 – 1800 f.Kr. |
| Bronsealder | Eldre bronsealder | 3500 – 2900 b.p. | 1800 – 1100 f.Kr. |
| | Yngre bronsealder | 2900 – 2440 b.p. | 1100 – 500 f.Kr. |
| Eldre jernalder | Førromersk jernalder | 2440 – 2010 b.p. | 500 f.Kr. – 0 |
| | Eldre romartid | 2010 – 1840 b.p. | 0 – 200 e.Kr. |
| | Yngre romartid | 1840 – 1680 b.p. | 200 – 400 e.Kr. |
| | Folkevandringstid | 1680 – 1500 b.p. | 400 – 570 e.Kr. |
| Yngre jernalder | Merovingertid | 1500 – 1210 b.p. | 570 – 780 e.Kr. |
| | Vikingtid | 1210 – 1000 b.p. | 780 – 1030 e.Kr. |
| Mellomalder | Mellomalder | | 1030 – 1536 e.Kr. |
| Nyare tid | Nyare tid | | 1537 e.Kr. – |

Figur 1: Kronologiske perioder.

Då kun eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesakar, jf. Kulturminnelova §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søkar anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller søke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

1. Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga blei føreteke på Raudsand, gbnr.40/81,40/50 m.fl. i Nesset kommune, i samband med reguleringsplanen til Bergmesteren Raudsand. Planen går ut på å lage massedeponi, stein- og masseutak i fjell, deponering av forureina massar og farleg avfall i fjell, samt anleggje av industriområde og utvide kaianlegg ved Tingvollfjorden. Det vil i hovudsak vere forureina lausmassar frå bygg- og anleggsverksemd.

Feltarbeidet ble utført av Eirin Husby Frey og Susanne Busengdal i perioden 08-11.05, og rapporten blei ferdigstilt 19.12.2017 Totalt blei det brukt 7 dagsverk på saka.

Av metodar blei det brukt visuell overflateregistrering, Det ble ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Planområdet har viktige vitnesbyrd om jernmalmdrifta som føregjekk i Raudsand fram til 1982. Desse består mellom anna av gruvebygningar, gruver, tunellar og dagbrot.

2. Bakgrunn og føremål med undersøkinga

Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er ein reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand om å få etablere deponi for ordinært avfall på Raudsand gbnr. 40/1, 40/13, 40/49, 40/50, 40/81 m.fl., i Nesset kommune. Planområdet omfattar ca. 1800 daa.

Før tiltaket kunne godkjennast vart det stilt krav om arkeologisk registrering. Dette fordi området vart vurdert til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminner, i form av til dømes utmarksminne som jernvinneanlegg, kullmile, tjæremile, og fangstanlegg frå bronsealder/jernalder. Føremålet med registreringa var å undersøke sambandet mellom tiltaket og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf § 9 i kulturminneloven av 9. juni 1978.

2.1 Tiltaket


Tiltaket vart utarbeida som eit privat reguleringsforslag. Plankonsulent er Angvik Prosjektering AS, og forslagstillar er Bergmesteren Raudsand. Bergmesteren Raudsand har ønskje om å nytte eit større område ved Raudsand gruver til å etablere massedeponi, stein- og masseutak i fjell, deponering av forureina massar og farleg avfall i fjell, samt anleggje av industriområde og utvide kaianlegg.

Tiltaket består av to nivå. Eit over og eit under bakkenivå. Dei vil sprengje og fylle igjen gamle deponi, samt etablere eit nytt deponi over bakken med reine og forureina massar.

Det andre nivået består av ein 1 km lang adkomsttunell og tilhøyrande fjellhallar for deponi av farleg avfall inne i fjellet. Utfylling i sjøen og etablering av industriområde for prosessanlegg knytt til behandling av avfall og pukkverk for behandling av stein og fjellmassar.



Figur 2: Planområdet i Raudsand omfattar ca. 1800 daa.



Figur 3: Bergmesteren Rausand AS ønsker å nytte det nedlagte jernmalmgruveområdet til sin reguleringsplan. Denne går mellom anna ut på å sprengje seg ein kilometer inn i fjellet, for der etter å byggje tverrtunnelar til lagring av alle typar uorganisk farleg avfall.


2.2 Tidlegare funn frå nærområdet

På 1800-talet høyrde Rausand til Tingvoll kommune. Kyrkjestad og tingstad var også på Tingvoll I 1837 var Rausand delt opp i fire hovudbruk. Desse var: Gnr.37 Bersås, gnr.38 Neverli, gnr. Rausandhaug, og gnr. 40 Rausand. Denne er kjent frå så tidleg som 1430-talet i Aslak Bolt si jordbok (Innvik 2010, s. 13). Namnet Rausand kjem av den raude sanden, som er å finne i området. Gardane var stort sett sjølvforsynte, og mykje av utmarka på Rausandfjellet vart nytta til slått og tømmerhogst. I 1890 vart Rausand flytta over til Nesset kommune.

På midten av 1800-talet kjøpte gardbrukaren Ola Hola fleire skogteigar på Nordmøre. Rausand var ein av desse, og det var ved tømmerhogst han oppdaga raudbrun rust og gråsvart stein som var tyngre enn vanleg stein (Innvik 2010, s. 15). Denne oppdaginga av jernmalm vart byrjinga på gruvedrifta i Rausand. Den første kjente gruvedrifta tok til i 1877, der det meste av arbeidet føregjekk med handmakt. Garden Rausand gbnr. 40 vart kjøpt opp, og A/S Rødsand Gruber vart etablert i 1910. Mot slutten av 1920-talet gjekk drifta så dårleg at denne måtte leggje ned. I 1927 kjøpte Christiania Spigerverk heile Rausand-selskapet og drifta ekspanderte og ga mange arbeidsplassar til bygda. På slutten av 70-talet var det dårlege tider, og det var ikkje mogleg å få det til å gå rundt økonomisk lengre. I 1982 vart Rausand Gruber lagt ned, og over 100 år med gruvedrift i Rausand var historie (Innvik 2010, s. 228).



Figur 4: Bilete syner den nedlagte jernmalmgruve drifta i Raudsand, Nesset kommune (<https://digitaltmuseum.no/011012614235/rausand-gruber-funksjonbolig>)



Figur 5: Kulturminne som har vorte funne i nærleiken av planområdet.

Det har vorte funne fleire kulturminne i nærleiken av planområdet. Ved Neverlivatnet er det funne ei tjæremile (ID177567-1). Den er ca. 9 m. i diameter og ca. 0,1-1 m. høg, med grøft i nedre kant. I nærleiken av garden Bersås ligg Sjøåkerreina (ID71719-1). Denne har ei utstrekning på ca. 60 m. og er orientert SØ-NV. Like ved ligg (ID45920-1), også ei åkerrein, kalla *høgreina*. Den har ei utstrekning på ca. 100 m., orientert SØ-NV. Reina er ca. 1-1,5 m. høg. Begge reinene ligg 150-300 m NØ for gardane 37/1 og 37/2.

Ei mogleg gravrøys (ID64216-1), ca. 6 m i tverrmål og 0,3 - 1 m høg, ligg i bytegrensa mellom Toven og Bersås. Røysa er bygd av helleliknande/kanta stein, 0,3 - 0,6 m store., og med enkelte store kantsteinar.

Einaste gjenstanden som har vorte funne i nærleiken av planområdet er ei skaftholøks frå Neverlia (T19149) funne i 1920 på gnr. 38, bnr. 5.

Der er ingen SEFRAK-registrerte bygningar som er direkte i konflikt med plana. I nærområdet er der fire SEFRAK-registrerte bygningar. Desse SEFRAK-registrerte bygningane har vore i eige av Raudsand Gruber. Ei driftsbygning vart nytta som fryseri (SEFRAK ID: 1543-0001-022). Eit bygg vart nytta til vaskeri (SEFRAK-ID1543-0001-020). Eit våningshus (messa) bygd på slutten av 1800-talet (SEFRAK-ID 1543-0001-019). Den siste bygninga er ei gjestehytte (SEFRAK 1543-0001-021). Eit bustadhus på Bjerkelund frå tredje kvartal på 1800-talet hørde til gruvarbeidar Ståle Olsen og har SEFRAK-ID 1543-0001-024.

3. Området

Planområdet omfattar gamle gruveområder og eksisterande industri, Fv666, fleire industrivegar, gamle steinbrot, avfallsdeponi, og utmarksområde bestående av skog, myrområder, bekk/elv, fjord og fjell.

Planområdet strekkjer seg frå Tingvollfjorden i aust, til dagbrot og høgspenline på fjellet i vest ca. 420 moh. Planavgrensinga følgjer høgspenlina mot søraust til Seterskaret, og derfrå mot nordaust til nordsida av ein oppdemt dam. Mot nord grensar området til Holåvollbekken som utgjer kommunegrensa mellom Nettet og Gjemnes. Totalt er området ca.1800 daa og omfattar areal både over og under bakkenivå. Ved Tingvollfjorden har ein både Raudsand Gruber og nyare industri ved Kristenvikvegen. I nord omfattar det eit nett av industrivegar, dagbrot og deponi av møllestøv. Området i sørvest består i stor grad av urørt utmark, med nokre få industrivegar. Midtre del av området består i stor grad av utmark, men jo lengre aust ein kjem, vert området i stor grad prega av djupe dagbrot, vegar, deponi, og områder med avfall frå industri.

Utmarksområdet frå sørvest til søraust består av eit landskap med åser/høgdedrag med furu, lauvskog, krattskog, lyng og bærvekstar. Landskapet skrånar bratt ned til flatare parti med myrlendt terreng. Fleire stadar møter ein på små elver/bekker som munnar ut enten utanfor plangrensa eller mot midtre del av planområdet. Heilt mot vest finn ein flate myrsletter som er omkransa av furukledde bergknausar. Terrenget er kupert, fleire stadar møter ein på bratte åssider.



Figur 6: Oversiktsfoto av planområdet i Raudsand.



Figur 7: Flyfoto over planområdet

4. Strategi og metode

Strategi og metode blei valt ut i frå terreng, arealbruk og vegetasjon i området. Sidan store delar av planområdet består av utmark, vart det utført ei visuell overflateregistrering. Området vart undersøkt systematisk med sondering av jordbørr. Området rundt elver/bekker var undersøkt nøye med tanke på jernvinneanlegg og andre utmarksminne ein kan støyte på. Det vart også utført ei synfaring i området med nedlagt gruvedrift.

4.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminne, dyrkingsspor o.s.v. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca. 1 meter lang metallstang der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut en profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag el.l., avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

5. Undersøkinga

Registreringsarbeidet blei utført av Eirin Husby Frey og Susanne Busengdal i perioden 08-11.05, og utgjorde totalt 4 dagsverk.

Første dag av registreringa var det kaldt og ein del snø i planområdet som gjorde det problematisk å sjå konturar i landskapet. Dag to var heldigvis all snø smelta, og vi gjekk same rute som dagen før, for å få sjekka området betre. Området i sørvest og midtre del av planområdet vart vurdert til å ha størst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.



Figur 8: Første dag i felt var prega av snø og kald temperatur. Biletet er teke mot nordaust.



Figur 9: Undersøking av ei myrslette i sørvest.



Figur 10: Elveslette med furukledde bergknausar. Biletet er teke mot søraust.

Området rundt og langs elver og bekker vart sjekka nøye med tanke på jernvinne. Det var skrint med lausmasser. Området rundt elvene var i hovudsak furukoller, med eit tynt lag med vegetasjon. Ingen automatisk freda kulturminne vart funne.



Figur 11: Undersøking av området i nærleiken av elv i midtre del av planområdet. Biletet er teke mot aust.

5.1. Nyare tids kulturminne

Det vart også gjort ei synfaring med tanke på at minne frå den nedlagte gruvedrifta vil verte råka i reguleringsplanen til Bergmesteren Raudsand. Her ei oversikt som syner nokre minne etter gruvedrifta i Raudsand



Figur 12: Dagbrot heilt nordvest i planområdet.



Figur 13: Dagbrot ved Fv666.



Figur 14: Ein smal grusveg frå parkeringsplass ved Raudsandvegen fører til eit attgrodd skogsområde nordvest for tårnet. Bak ei skråning i eit søkk ligg det to grotter, ei mot aust og ei mot vest.



Figur 15: Grotta mot aust.



Figur 16: Aust for vegen som fører opp til heisetårnet går det ein traktorveg. I enden av denne, og ved to bratte bergveggar med tårnet på toppen, er det ei gruve/tunnell i fjellet.



Figur 17: Inngang til grotta.



Figur 18: Grotte/tunell i nærleiken av Veidekke sine bygningar. Ligg like ved Kristenvikvegen som går ned til industriområdet.



Figur 19: I nærleiken av industriområde ved Tingvollfjorden i nordaust er der ein vogntunell med skinner som er veldig attgrodd.



Figur 20: Røyr og vognskinner mot vest. Desse fortsetter under vegen som fører opp til heisetårnet.



Figur 21: I skogen aust for vegen til heisetårnet ligg det diverse materiale knytt til gruvedrifta, mellom anna to vogner.



Figur 22: Heisetårnet ligg 101 moh i enden av ein smal asfaltveg som går opp like ved tunellmunningen ved Fv666.



Figur 23: Innsida til heisetårnet.



Figur 24: På baksida av heisetårnet mot vest ligg dette bygget.




Figur 25: Biletet er teke frå toppen ved heisetårnet. Biletet syner det som var verkstad og administrasjonsbygg då gruva var i drift. Det er i dag omkransa av moderne industribygg.



Figur 26: Restar av gruvebygningar mot sjøen.



Figur 27: Kai nærliggjande moderne industri og vogn tunnelen.



Figur 28: Oversikt over planområdet og gruveminne i Rausand.

5.2 Dokumentasjon

Planområdet blei fotografert og kartfesta. Det blei nytta eit Nikon speilreflekskamera, og teke 71 bilete (sjå vedlegg 1). Bileta er sortert, merka og arkivert ved bruk av Fotostation.

Kartfestinga blei gjort av Susanne Busengdal ved bruk av PDA, og bearbeidd ved hjelp av ArcMap og Qgis.

6. Resultat og konklusjon

Heile området er registrert jf. Kulturminneloven § 9. Av metodar blei det nytta visuell overflateregistrering,

Undersøkinga resulterte ikkje i funn av nye automatisk freda kulturminne, men det er gjort ei mindre kartlegging av nyare tids kulturminne – knytt til gruvene på Rausand.

7. Litteraturliste

Bondevik, S., J. I. Svendsen & J. Mangerud 1998: Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine Transgression in the coastal basin deposits of western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 13(6): 529-537.

GISLink karttjeneste: <http://www.gislink.no/gislink/index.jsp>

Helskog, K., S. Indrelid & E. Mikkelsen 1976: Morforlogisk klassifisering av slåtte steinartefakter. *Universitetets Oldsaksamling Årbok 1972 – 74*, Oslo.

Innvik, P. 2010: *Rødsand gruber . Velstand fra dypet*. Rausand grubeklubb.

Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden: <http://askeladden.ra.no>

Simpson, D. N. 2001: Excel spreadsheet prepared March 2001












Svendsen, J. I & J. Mangerud 1987: Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross-section of Western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 2:113-132.












Tilvekst: *Tilveksten til arkeologisk avdeling, Vitenskapsmuseet. Elektronisk versjon*. I årene 1871-1981 har de årlige tilvekstbeskrivelsene til den arkeologiske samlingen på Vitenskapsmuseet blitt utgitt i trykt form i forskjellige tidsskrifter, henholdsvis årsberetningene til "Foreningen til norske fortidsminnesmerkers Bevaring", "Det kgl. norske videnskabers selskabs Skrifter" samt årbøker og årsberetninger til "Det kongelige norske videnskabers Selskab". Tekstdelen av tilvekstkatalogene fra 1871-1981 har, som en del av Dokumentasjonsprosjektet og Museumsprosjektet, blitt konvertert til elektronisk form.












Universitetsmuseenes arkeologiske gjenstandsamlinger: <http://www.unimus.no/arkeologi>












8. Vedlegg












1. Fotoliste












| | | |
|---|--|---|
|  | Bergmesteren 195.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Restar av bygningar frå gruvedrifta. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 194.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Heisetårnet står 101 moh. Nedanfor bergkanten er inngangen til ei gruve. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 193.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Grotte, sør for heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 185.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Grotte, sør for heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 184.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Restar av bygningar frå gruvedrifta. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 183.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Ein smal graskledd veg fører til ein gruveinngang på austsida av heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 170.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Gammal vogn aust for veggen til heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 167.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Gammal vogn aust for veggen til heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 162.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Vognskiner vest for veg til heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 159.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Administrasjon og verkstadbygget til Raudsand Gruber. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 158.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Bygg vest for heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |


| | | |
|---|--|---|
|  | Bergmesteren 155.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Innsida. Sjakta er fylt igjen med stein. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 154.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Bygg vest for heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 150.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Biletet syner den gamle verkstaden/administrasjonsbygget til Raudsand Gruber.Området har aktiv industridrift. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 147.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Innsida til heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 145.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Innsida til heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 144.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Innsida til heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 142.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 141.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Heisetårnet til Raudsand Gruber. Det ligg 101 moh. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 137.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Vognskinner frå den gamle gruvedrifta. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 136.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Røyr og vognskinner frå den gamle gruvedrifta. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 135.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Anleggsveg nord i omr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |

| | | |
|---|--|---|
|  | Bergmesteren 132.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Traktorveg nord i omr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 131.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Kupert furuskog nord i omr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 128.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Biletet syner inngrep i naturen frå gruvedrifta. Dette området er prega av fleire dagbrot og nyare deponi av møllestøv. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 118.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Biletet syner inngrep i naturen frå gruvedrifta. Dette området er prega av fleire dagbrot. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 111.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Anleggsveg nordvest i planomr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 105.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Anleggsvegar vest i planomr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 103.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Gruve unell ved Kristenvikvegen. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 102.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Gruve unell ved Kristenvikvegen. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 099.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Industrieråde ved Tingvollfjorden. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 097.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Industrieråde ved Tingvollfjorden. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 096.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Industrieråde ved Tingvollfjorden. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |

| | | |
|---|--|--|
|  | Bergmesteren 095.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Vogntunell med skinner. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 092.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Vogntunell med skinner. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 090.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Vogntunell med skinner. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 089.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Kaianlegg ved Tingvollfjorden. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 088.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Industrierområde ved Tingvollfjorden. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 087.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Industrierområde ved Tingvollfjorden. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 081.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Gruve nordvest for heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 080.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Gruve nordvest for heisetårnet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 074.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Dagbrot ved FV666. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 072.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Dagbrot ved FV666. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 071.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Utsikt mot heisetårn og FV666. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |

| | | |
|---|--|---|
|  | Bergmesteren 069.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Utsikt mot heisetårn og Tingvollfjorden fra industriveg. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 066.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Deponi/fylling fra aluminiumsproduksjon. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 065.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Deponi av møllestøv fra aluminiumsproduksjon. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 064.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Deponi av møllestøv fra aluminiumsproduksjon. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 060.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Dagbrot nordvest i planområdet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 057.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Dagbrot nordvest i planområdet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 056.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrlendt område med spredt furu og krattskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 053.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrlendt område som har blitt forstyrret av anleggsveg. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 052.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Evleslette med spredt furuskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 048.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrslette med spredt furuskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 047.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Høgdedrag med furu og krattskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |

| | | |
|---|--|---|
|  | Bergmesteren 041.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Liten bekk med spredt furuskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 038.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Liten bekk med spredt furuskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 036.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrslette med spredt furuskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 033.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrslette med spredt furuskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 032.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Lita elv med nokre furukoller. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 031.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Lita elv med nokre furukoller mot SA. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 030.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Lita elv, furuskog og høgdedrag mot sør. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 028.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrlendt område og furukoller med tynn vegetasjon. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 025.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrlendt område med ei lita elv og krattskog. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 018.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Eirin H. Frey undersøker området med jordborr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 015.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Myrlendt område med bekk og furuknauser SV i omr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |

| | | |
|---|--|--|
|  | Bergmesteren 013.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Høgspentina er planavgrensa i sør. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 010.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Eirin Huseby Frey klar for overflateregistrering i fint vær. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 009.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Oversiktbiltete mot NA Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 004.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Oversiktbiltete SV i planomr. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |
|  | Bergmesteren 003.JPG Dato: 09.05.2017 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 40 Kommune: Nesset | Beskrivelse: Jermalbrot vest i planområdet. Fotograf: Susanne Busengdal Nøkkelord: Bergmesteren |



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no